



Saksframlegg

Arkivsak-dok. 26/42507-1
Saksbehandler Lisbeth Øvland

Utvalg	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda	19.05.2026

Tolking av regelverk om godkjenning av samarbeidsorgan

Yrkesopplæringsnemndas innstilling

Yrkesopplæringsnemnda i Agder støttar tolkinga av at samarbeidsorgan, etter dagens lov- og forskriftstekst, må godkjennast i alle fylkeskommunar der dei skal operere.

Bakgrunn og problemstilling

Det er reist spørsmål om tolkinga av regelverket for godkjenning av samarbeidsorgan som opererer på tvers av fleire fylkeskommunar. Spørsmålet er om ei godkjenning i eitt fylke automatisk skal gjelde i andre fylke, eller om samarbeidsorgan må godkjennast i kvart enkelt fylke der dei skal operere.

Direktoratet for utdanning og kompetanse (Udir) har lagt til grunn at dagens lov- og forskriftstekst gir heimel for at samarbeidsorgan skal godkjennast i alle fylkeskommunar der dei har aktivitet. Denne forståinga har vore tema for drøfting i Samarbeidsrådet for yrkesopplæring (SRY), jf. sak V3-2-26.

Vurdering

Yrkesopplæringsnemnda i Agder legg vekt på at intensjonane i opplæringslova og forskrift til opplæringslova skal sikre kvalitet, relevans og god dimensjonering i fag- og yrkesopplæringa. Fylkeskommunen har det lovfesta ansvaret for lærekontraktar og fagopplæring, og yrkesopplæringsnemnda skal gi ei fagleg forankra vurdering av kvalitet og behov i eigen region.

Nemnda er uroa for at ei ordning der godkjenning i eitt fylke automatisk får verknad i andre fylke, kan svekke fylkeskommunen og yrkesopplæringsnemnda sitt ansvar og handlingsrom. Ei slik tolking kan redusere moglegheita for å ta omsyn til regionale forhold, næringsstruktur og arbeidsmarknadsbehov i Agder.

Sjølv om ei fylkesvis godkjenning kan tenkjast å gje meir arbeid til yrkesopplæringsnemndene, vurderer vi det som viktigare at nemnda får gjere ei fagleg vurdering som er tilpassa regionale forhold.

Samtidig har nemnda forståing for at enkelte fag, bransjar og opplæringsløp kan ha behov for fylkesoverskridande eller nasjonale samarbeidsorgan. Etter nemnda sitt syn må slike løysingar likevel liggje innanfor rammer som sikrar at yrkesopplæringsnemnda i dei fylka der opplæringa faktisk skjer, har reell innverknad på vurderinga av samarbeidsorganet.

På denne bakgrunnen meiner Yrkesopplæringsnemnda i Agder at Udir si oppdaterte tolking er betre i samsvar med gjeldande regelverk, og at kravet om godkjenning i alle aktuelle fylke er nødvendig for å sikre kvalitet, relevans og legitimitet i fag- og yrkesopplæringa.

Tilråding / vedtak

Yrkesopplæringsnemnda i Agder støttar tolkinga av at samarbeidsorgan, etter dagens lov- og forskriftstekst, må godkjennast i alle fylkeskommunar der dei skal operere.

Kristiansand 13.05.2026

Arbeidsutvalet i yrkesopplæringsnemnda